

Fjellvassdraget


NYTT FOKUS PÅ KYSTVASSDRAGA

Dei mange vassdraga ute ved kysten er gjerne små og unnslege. Bonden har nytta vasskrafta til kvern og sag, og kan benda bar auren vore god matauk når havfisket slo feil. I våre dagar er vassdraga gjenoppdaga for rekreasjon og friluftsliv, og fleire stader er det lagt til rette turstigar.

Vassdraga tener òg andre funksjonar: Dei siste tiåra er nokre av områda, som frå gammalt av var oppdemde for kvern og sag, overtekne av vasskrevjande oppdrettsanlegg for smoltproduksjon. Andre vatn er demde opp for å tena som



Frå Midtvatnet, eit av vatna i Fjellvassdraget. (Svein Nord)



Kart over Fjellvassdraget. Det er lagt til rette for turar langs vassdraget. Idylliske stigar i området ved Kolavatnet ved Fjell til Morlandsvatnet lenger nord er skilta.

drikkevasskjelder. Nokre ligg slik til at dei samlar opp avrenning frå landbruk og kloakktilsig frå bustadområde. Det høyrer òg med til historia at vassdraga tidlegare ofte vart nytta som boss plass.

På Sotra finst nærare 50 små vassdrag, dei fleste med fleire små vatn. Berre fem av vassdraga har eit nedbørsfelt på over 5 km², medan over halvparten er under 2 km². Dei aller fleste ligg unna bustader og jordbruk.

FJELLVASSDRAGET er det største av vassdraga på Sotra, med i alt 10 større eller mindre vatn. Dei øvre delane av vassdraget er næringsfattige og lite ureina. Dei nedre delane var

tidlegare belasta med tilførsle av næringsstoff, organisk materiale og tarmbakteriar. Særleg galdt dette Eikhammarvatnet. Men forholda har betra seg: Kalking mot forureining tidleg på 1990-talet, og etableringa av eit kloakkreinseanlegg ved Eikhammarvatnet, gjer at heile Fjellvassdraget no er friskare enn på lenge.

Det er gode tilhøve for både gyting og oppvekst av sjøareyngel i elva oppstrøms Kolavatnet. Sotra Sportsfiskere disponerer fiskeretten i vassdraget. Her blir det årleg fiska ein god del fin sjøaure.

HASSELSKOG



Svein Nord

Hassel er det vanlegaste edellauvtreslaget i Fjell. Treet har vore her lenge: Truleg hadde steinalderfolk med seg hasselnøtter då dei kom til vestkysten for om lag 11 000 år sidan (123). Sidan spreidde hasselskogane seg på Sotra.

Vi veit at hasselnøtter var viktig føde for dei første nordmennene - nøtteskal er vanleg fangst for arkeologane når dei grev ut buplassane. I dag er hasselnøttene mindre verdsette, men dei som har fått augo opp for dei oljerike nøttene, veit at dei kan nyttast i alle typar bakverk etter tørking og lett røsting.

Hassel treet klarar seg mange stader, endåtil i bergskorer ytst mot storbavet har det slått rot. Det er likevel på austsida av kommunen det trivst best, og område med hasselskog finst sør på Bjørøyna, inst i Fjæreidpollen og i lia aust for Fjell kyrkje. Under lune berghamrar finn basselen seg særleg godt til rette. Her tek vårsola godt i bakken, og det blir tidleg vår, med blomande kvitveis (biletet), kusymre og vårkål. Desse plantene utnyttar dei gode lystilbøva før lauvsprett til å bløma og til å setja frukt. I tillegg er jordbotnen under hasselkronene òg gode, ettersom blada ved lauvfallstider er rike på lett nedbryteleg mineralstoff.

Hassel er ofte å sjå i overgangen mellom innmark og lynghei. I mark som ikkje lenger blir nytta til beite eller slått, spreier han seg raskt. På Bjørøyna finst det oppmura stigar og steingardar i hasselskogen. Dei vitnar om eit heilt anna kulturlandskap før: Her var det liv med bøyonn og husdyr på beite, no er det hjorten som finn mat i skogen mellom steingardane.



Helge Sunde